



Vår dato:

06.10.2023

Vår ref:

2023/14693

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2023/7297

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Martin Søgnen, 5764 3079

## Uttale - Bygging av landbruksveg - Alver 209/3 - Høyland

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 4 og 7 på gnr. 209 bnr. 3 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 1 320 meter ny veg. I høyringsdokumenta står det om tiltaket at vegen må sjåast i samanheng med ein nydyrkingsak som vi også har uttalt oss i, viser til denne med ref. 2023/12313. Vegen vil gi tilgang til 288 dekar skog, og vil løyse ut om lag 500m<sup>3</sup>. Interesser i vegen er opplyst å vere 33 prosent skogbruk og 67 prosent jordbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Vi har heller ingen merknadar til landbruksinteressene som er oppgjeven.

Med helsing

Martin Søgnen  
rådgjevar